
Vår referanse 2021/5722-2
Dato 26.03.2021

BREMANGER KOMMUNE
Postboks 104
6721 SVELGEN

Att. Bjørn Henry Marthinussen

Forvaltningsmål for hjortebestanden i Bremanger kommune 2021–2024 – Høyringsuttale

Vi viser til brev datert 19.02.21, dykkar ref. 21/2138, der kommunen høyrer på revisjon av forvaltningsmål for hjortebestanden i kommunen.

Vestland fylkeskommune har vurdert forvaltningsmåla ut i frå fylkeskommunen sitt hovudansvar på regionalt nivå for forvaltninga av hjort.

Innleiing

Prioriterte oppgåver for fylkeskommunen er blant anna å bidra til berekraftig forvaltning av haustbare viltressursar og ta omsyn til dette i arealforvaltninga. Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Fylkeskommunen skal blant anna gje kommunar bistand, råd og rettleiing i saker om forvaltning av haustbare viltressursar, herunder vilthelse, og bidra til fagleg oppdatering og kompetanseheving i kommunal viltforvaltning. Fylkeskommunen skal også sjå til at kommunar samarbeider om hjorteviltforvaltninga der det er nødvendig å ivareta bestands- eller samfunnsmessige omsyn på eit regionalt nivå.

Kommunane har etterkvart fått auka ansvar for hjorteforvaltninga og har mange oppgåver i den samanheng. I arbeidet krevst det fagkunnskap og lokalkunnskap, og det må avsetjast nok tid til arbeidet.

Det gjeld ei eiga «Forskrift om forvaltning av hjortevilt» (hjorteviltforskrifta), sist revidert i 2016. I Miljødirektoratet sin rettleiar M-478/2016 til forskrifta, er det gjort merksam på at naturmangfaldlova og viltlova set rammene for forvaltning av hjortevilt i Noreg.

I viltlova (§ 1) står det: «*Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares*». I *Strategi for forvaltning av hjortevilt*, (DN-rapport 8-2009), er det definert fem konkrete mål ut frå utfordringane i hjorteviltforvaltninga. Det er blant anna mål om at forvaltninga skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, sikre samarbeid og samhandling og vere basert på høg kompetanse på alle nivå.

I 2012 kom det krav i hjorteviltforskrifta (§ 3) om at kommunen skal vedta mål for utviklinga av hjortebestandane når det er opna for jakt på arten. Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

I rettleiaren M-478/2016 er det sett som viktig at dei kommunale måla er konkrete og kan etterprøvast. Dei bør difor vere realistiske og ha ei tidsramme slik at dei kan evaluerast i forhold til enkle kriterium. Det er også sett som viktig at måla for bestandsutviklinga som kommunen vedtek fungerer som tydelege retningsliner for jaktrettshavarar som ønskjer å utarbeide ein bestandsplan. I rettleiaren er det elles omtalt ei rekkje kan-, bør- og må-oppgåver for kommunane.

Viktige bidrag i den kunnskapsbaserte forvaltninga av hjort er innsamlinga og systematiseringa av jegerane sine sett hjort-registreringar under jakta, samt registrering av fellingsresultat (med kjønns- og aldersfordeling), vegde slaktevekter, fallvilt-registreringar og evt. andre data som værteljingar og

aldersbestemningar av felte dyr basert på innsamling av kjevar. Etter hjorteviltforskrifta § 33 (Bruk av Hjorteviltregisteret), skal kommunen registrere sett hjort-rapporteringar m.m. i Hjorteviltregisteret. Hjorteviltregisteret er eit sentralt og obligatorisk verktøy i hjorteviltforvaltninga - ein nasjonal databank for å samle og leggje til rette data som er nyttige i hjorteviltforvaltninga. Data som er lagt inn i Hjorteviltregisteret, og eventuelt andre data, gir indikasjon på kor godt kunnskapsgrunnlag det er for den lokale hjorteforvaltninga, og kor god oppslutning det har vore om registreringane. Det er til dømes ønskjeleg med sett hjort-registreringar frå alle jegerar og jaktfelt, og vegde slaktevekte på dato for dei aller fleste dyra.

Kommentarar og vurderingar

Generelt til høyringsutkastet

Høyringsutkastet «Forvaltningsmål for hjortebestanden i Bremanger kommune 2021-2024» er også kalla eit planutkast, jf. vedtaket i Formannskapet: «Planutkastet for Forvaltningsmål [...] vert sendt ut på høyring».

Høyringsutkastet er eit relativt kortfatta måldokument som særleg er spissa inn mot vurderingar av bestandsmål opp mot overordna mål og omsyn i naturmangfaldlova. Høyringsdokumentet gir avgrensa informasjon om kunnskapsgrunnlag og bestandsutviklingstrekk. Vi ser likevel at kommunen har eit svært godt kunnskapsgrunnlag for hjorteforvaltninga. Ut frå tal i Hjorteviltregisteret er det blant anna god oppslutning om sett hjort-registreringar og registreringar av slaktevekte i kommunen. Kommunen var også med i det nasjonale overvåkingsprogrammet for hjortevilt fram til 2012, og har halde fram med aldersbestemming av felte hjortar basert på kjeveinnsamlingar også etter det. Overvåkingsprogrammet skal elles fungere som eit økologisk varslingsystem, med særleg vekt på å avdekke endringar i vekt og kjønns- og aldersstruktur til hjortedyra.

I følgje høyringsutkastet er hjortebestanden i kommunen «svært stor». Det som også er meint er truleg at bestandstettleiken er svært stor. Ut frå tal i Hjorteviltregisteret, etter hjortejakta i 2020, er kommunen den 9. største i fylket i tal felte hjortar (961), og den 16. i tal felte hjortar per teljande areal (1,71 felte hjortar per teljande km²). Sistnemnde vert gjerne sett på som eit uttrykk for bestandstettleiken i kommunen. På kommunenivået er altså bestandstettleiken ikkje blant dei aller høgaste i fylket, men likevel høg, og den kan variere mykje lokalt.

Som sett og vist i overvåkingsprogrammet for hjortevilt, har hjorten på Vestlandet blitt gradvis mindre dei siste 20 åra. Samtidig har det vore stor bestandsvekst. Årsaka til gradvis minkande slaktevekte er aukande konkurranse om dei beste beiteressursane i takt med aukande bestandstettleik. Nedgangen i slaktevekte har blitt forsterka av stort jakttrykk på store hann- og hodyr i beste produksjonsalder. Særleg har det vore stort jakttrykk på bukkar to år og eldre. Nedgangen i slaktevekte kan stansast og reverserast ved å redusere bestandstettleiken og ta ut dei «rette» dyra, det vil seie hovudvekt på uttak av kalvar, ungdyr, og små og svake dyr. Bestandstettleik og kjønns- og aldersfordelinga i hjortebestanden vert i all hovudsak regulert gjennom jaktuttaket. Indeksar frå gode sett hjort-registreringar, er viktige for å styre/justere fellingskvotane, og slik sett søkje å oppnå ønskjelege bestandstettleikar og kjønns- og aldersfordeling i gjenlevande bestand.

Eit overordna mål er berekraftig bestandsforvaltning med sunne og produktive hjortebestandar, der dyra er i god kondisjon (god økologisk tilstand) og bestandane har god kjønns- og aldersfordeling. Det er dette som er hovudutfordringa i kommunen og dei andre hjortekommunane i Vestland. Det er også dette som har størst merksemd i Bremanger kommune sitt måldokument for bestandsutviklinga. Det gjeld å søkje å stanse vidare nedgang i slaktevektene, og prøve å auke vektene att. Då må gjerne bestandstettleiken reduserast og snittalderen på gjenlevande hjortar to år og eldre aukast.

Konkrete mål og tiltak i måldokumentet

Dei konkrete måla for bestandsutviklinga i planperioden 2021-2024 er ført opp i tabellen (skjemaet) på slutten av måldokumentet, saman med tilhøyrande tiltak/verkemiddel.

Bestandsreduksjon - sett og felt hjort per jegerdag:

Det er føreslått å redusere hjortebestanden ut frå omsyn til økologisk tilstand, beitegrunnlag, skadar på skog- og jordbruk, trafikkpåkjørslar og nærings- og rekreasjonsomsyn. Tiltaka er blant anna å felle meir hjort, med større andel kalv, fleire unge koller og små koller, og mindre andel eldre dyr.

For bestandsreduksjonen er det ført opp at indeksen sett hjort per jegerdag skal vere på 1,5 (maksimum?). Det er det same som i det gjeldande måldokumentet 2017-2020. For sett hjort per jegerdag er det viktig å skilje mellom jakt på innmark og utmark, og dessutan vere merksam på endringa i instruksen for sett hjort-registreringar frå og med 2018. Dette er ikkje omtalt i måldokumentet, men kommunen er klar over dette. Som vist i tabell i måldokumentet, var sett hjort per jegerdag i kommunen på omlag 1,5 i åra 2011-2014, men auka til nær det dobbelte i åra 2018-2020. Det bør evaluerast kva som var årsaka til denne auken, og om noko av auken kan forklarast med den endra instruksen for sett hjort frå 2018. Det er sikkert difor at også indeksen felt hjort per jegerdag er vist i den same tabellen. Sistnemnde indeks er ikkje påverka av instruksendringa for sett hjort. Også indeksen felt hjort per jegerdag viser ein auke dei siste tre åra. Som kommentert i høyringsutkastet, tyder desse indeksane på vekst i hjortebestanden frå 2014, sjølv om fellingstala auka. Begge indeksane kan tyde på at det var bestandsreduksjon i 2020. Då vart det også felt rekordmange hjortar i kommunen.

Auka snittalder på kolle og bukk, og sett kolle per bukk:

For bukk og kolle 2 år og eldre, er det ført opp mål om ein snittalder på høvesvis 8 og 10 år, for å etterlikne ein «naturleg» samansett bestand. Dette må i tilfelle, realistisk sett, vere eit mål på litt lengre sikt. Det er heller ikkje rett fram å berekne snittaldrane i den gjenlevande bestanden. Til dømes var snittalderen på bukkar 2 år og eldre på 4,6 år i 2019, i følgje måldokumentet. Men dette er snittalderen på dei felte dyra. Så dersom det då vart søkt å felle relativt få eldre bukkar (i alderen 6-11 år), så vil snittalderen ein får vere lågare enn i den gjenlevande bestanden.

Også målet om ein sett kolle per bukk indeks på 1,20 (til 1,00) vil vere nær det ein finn i ein «naturleg» bestand med store rovdyr. Slik sett vil det vere vanskeleg å argumentere for ein høgare indeks ut frå dyrevelferdsmessige grunnar, som til dømes at det bør vere ein høgare indeksverdi for å unngå at mange eldre bukkar vert skada i brunstkampar og seinare kanskje døyr som følgje av skadane.

Andre mål og tiltak:

Som tiltak i planperioden er det blant anna ført opp å jobbe for felles forvaltningsmål innanfor årsleverområdet, og vertskommunesamarbeid med dei andre kommunane som «vi deler hjortebestand med». Då kjem ein inn på tema som også dreiar seg om valdorganisering. Dette er mål og tiltak som ikkje er spesielt omtalt og underbygd i måldokumentet, men høgst aktuelt for kommunen å jobbe med. Vi veit at det også vert jobba med dette. Mange kommunar utarbeidar meir heilskaplege forvaltningsplanar for hjort, som også omhandlar slike tema. Det kan kanskje vere aktuelt å utarbeide ein meir heilskapleg forvaltningsplan for hjort i samband med neste rullering av måldokumentet.

Det er, som nemnt, sett som viktig at måla for bestandsutviklinga fungerer som tydelege retningslinjer for jaktrettshavarar som ønskjer å utarbeide ein bestandsplan. Ein bestandsplan skal i det minste innehalde mål for bestandsutviklinga og ein plan for den årlege avskytinga, i tal dyr, som eit minimum fordelt på kategoriane kalv, vaksne hodyr og vaksne hanndyr, samt spissbuk. I måldokumentet er det ikkje nærare retningslinjer eller rammer for den prosentvise kjønns- og aldersfordelinga i avskytingsplanane. I saksframlegget som vart lagt fram for formannskapet står det: «Forvaltningsmåla skal ikkje innehalde ein avskytingsprofil eller legge konkrete føringar for tildeling av fellingsløyve. Avskytingsprofilen må justerast etter kvart som ein ser utviklinga av hjortebestanden i høve dei måla som er sette». Vi går då ut frå at kommunen meiner det vil vere tilstrekkeleg med dei oppførte måla for utarbeiding og evt. godkjenning av bestandsplanar.

Konklusjon

Vi meiner måldokumentet for bestandsutviklinga av hjort i kommunen har hovudmerksemda på det viktigaste i planperioden. Det vil vere å redusere hjortebestanden tilstrekkeleg for tilpassing til beiteressursane m.m. ,og søkje å auke vektene på hjort for betre økologisk tilstand. For å få vektauke, må det i tillegg til bestandsreduksjon arbeidast for å få ei kjønns- og aldersfordeling i den levande bestanden som sikrar gode vilkår for vektauke. Då må det, som føreslått i måldokumentet, vere nok av store produksjonsdyr i bestanden. Spesielt er det viktig med nok eldre bukkar i bestanden.

Det er mange kommunar som lenge har hatt mål om bestandsreduksjon og høgare vektor på hjort, medan det motsette har skjedd. Så det vert viktig framover å ha merksemd på gjennomføringsevne, og årsaker dersom bestandsutviklinga ikkje går i rett retning. I Bremanger kommune vert det samla inn svært godt datagrunnlag, som gjer det mogeleg å følge tett med på bestandsutviklinga framover. Kommunen har difor eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med bestandsutvikling.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift